



Til den det måtte angå
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 27.10.2015
Vår ref.: 2015/2152-117
Saksbehandlar: tonhaug
Dykkar ref.: «REF»

Støtte frå Kulturelt utviklingsprogram, Hordaland fylkeskommune til Fokuskurset

Hordaland fylkeskommune har gjennom stønadsordninga Kulturelt Utviklingsprogram gitt støtte til etableringa av det såkalla FOKUSKURSET i regi av Ian Garland.

Kurset skal gå føre seg i Hatlestrand, Kvinnherad kommune.

Dette tremånaders intensive kurset skal bidra til å utvikle og førebu personar som vil søkje seg inn på kunst-og designrelaterte høgskule-/universitetsstudium i Noreg eller utlandet. Sluttresultatet etter fullført kurs skal m.a. vere at studenten har lagd sin eigen, kreative portefølje – ein verdifull del av søknad til høgare studium.

Kunstnar og designar Ian Ward Garland er fagleg ansvarleg for kurset vil kommunisere og samarbeide med utdannings- og kulturinstitusjonar i Noreg og England for å byggje opp ein god basis for FOKUSKURSET, både når det gjeld fagleg innhald og pedagogisk samarbeid.

Ronny Skaar
Seksjonsleiar kunst- og kulturformidling/utviklingssjef

Tone Stedal Haugland
Seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.